

Kommunal- og distriktsdepartementet
Regionalpolitisk avd.

Sogndal, 08.07.2022

Vi viser til eit godt innspelsmøte i Sogndal 21. mars i år om ny Distriktsmelding, der statsråden oppmoda om å kome med skriftlege innspel til meldingsarbeidet. Her kjem innspel frå Vestlandsforskning.

Med helsing

Anne Karin Hamre
Direktør for Vestlandsforskning

Vedlegg: Innspel til ny Distriktsmelding frå Vestlandsforskning

Innspel til arbeidet med ny Distriktsmelding

Kunnskapsbasert omstilling, innovasjon og breitt samarbeid er viktige føresetnader for å løse dei store samfunnsutfordringane vi står i, med klimaendringar, demografi-endringar og endra økonomiske føresetnader. Desse utfordringane bidreg òg til å endre føresetnadene for regional- og distriktpolitikken, som har til mål å gje regional balanse gjennom vekstkraft, likeverdige levekår og berekraftige regionar i heile landet. NOU 2020-12 - Næringslivets betydning for levende og berekraftige lokalsamfunn – understrekar kor viktig det er å byggje kompetansmiljø i heile Noreg, og å ta i vare ein differensiert instituttstruktur for forskingsmiljø.

1) Forsking og kunnskapsutvikling trengst for å nå distrikts- og regionalpolitiske mål

Dei regionale forskingsinstitutta er medvite plassert utanfor dei store byane, og spelar ei nøkkelrolle i regionale innovasjonssystem. Samstundes med deltaking på den internasjonale og nasjonale FoU-arenaen, er dei regionale forskingsinstitutta er tett på næringsliv og offentleg sektor i eigen region. Regionale forskingsmiljø har viktig kulturforståing, relevant kompetanse, innsikt og erfaring som nærings- og samfunnsniv i distrikta treng. Ved å vere fleksible, tett på, og kjenne behova til desse verksemdene, kan vi raskt svare på bedrifter eller kommunar sine FoU-behov. Gjennom forskingssamarbeid kan dei regionale forskingsinstitutta ta ei aktiv rolle i å stimulere næringslivet til utvikling og innovasjon for samfunnsnytte. Vi kan bidra til analysar og gi innspel til regionale innovasjonsstrategiar og næringsutvikling.

Innspel: Regjeringa legg stor vekt på kompetansepolitikk, og tilgang til høgare utdanning, etter- og vidareutdanning over heile landet – og det er viktig og rett. Samstundes treng vi forskning og kunnskapsutvikling for å klare å utvikle nye løysingar og tenester og for å gjere gode og berekraftige val. Difor oppmodar vi om at den nye distriktsmeldinga òg legg stor vekt på forskning for å nå distrikts- og regionalpolitiske mål.

2) Ny distriktsmelding må vektleggje verkemiddel som det regionale innovasjonssystemet kan omskape til konkrete resultat

I den nye distriktsmeldinga må forskning sjåast i samanheng med andre verkemiddel som har tyding for regional utvikling. Samstundes er det viktig å ta i vare og å utvikle vidare eksisterande, godt fungerande verkemiddel som er innretta mot auka FoU i omstilling, utvikling og innovasjon, og som stimulerer til samarbeid mellom verksemdar og forskning. Det

er òg viktig å ha differensierte verkemiddel, som treff ulike behov i ulike verksemder, og at det er fleire «trappetrinn» i verkemiddelsystemet, slik at verksemdene kan utvikle bruken av FoU i takt med kor mogne dei er til å kunne gjere seg nytte av FoU.

Ulike delar av landet har ulike utfordringar og føresetnader. For at statlege verkemiddel skal vere mest mogleg treffsikre i å nå målet om regional balanse, må forvaltninga av dei koplast til regionale utviklingsstrategiar. Regionale partnerskap og – innovasjonssystem har gode føresetnader for å bidra til konkrete resultat av verkemiddel som er innretta mot å nå regional- og distriktpolitiske mål. Men verkemidla er små, og betre måloppnåing fordrar ei styrking av desse.

I Vestland fylke er det mange små og mellomstore bedrifter og mange små kommunar. Kommunal- og distriktsdepartementet sin rapport, Regionale utviklingstrekk 2021, viser at FoU-verksemda i næringslivet er sterkt konsentrert til dei sentrale områda i landet. Den same rapporten viser at næringslivet sine kostnader til FoU pr. sysselsett i Vestland fylke, ligg under landsgjennomsnittet.

Rapporten om små kommuners deltakelse i innovasjonsvirkemidler (KMD 2020), der Telemarksforsking har kartlagt kommunar si deltaking i sju ulike ordningar for innovasjon, syner at små distriktskommunar sjeldan deltek i slike ordningar, samanlikna med større kommunar.

Begge desse rapportane syner dermed at det er behov for mobilisering og styrkt innsats for å auke FoU i små og mellomstore verksemder i distrikta.

Behov for å styrke FORREGION, og for ei utviding til kommunesektoren

Vestlandsforsking er tett på kommunar og næringsliv i fylket, og har i mange år bidrege til å mobilisere små kommunar og små og mellomstore bedrifter til FoU-verksemd. Saman med Høgskulen i Vestland, har vi inngått partnerskapsavtale med Vestland fylkeskommune om å mobilisere til meir forskingsbasert innovasjon i FORREGION Vestland. Målet med programmet er å bidra til innovasjon, berekraftig verdiskaping, grøn konkurransekraft og klimaomstilling i bedrifter gjennom bruk av forskning. Gjennom tett kontakt med bedrifter i heile fylket, bidreg vi til å avklare forskingsbehov, kople bedrifter til relevante ordningar, og til å utveksle kompetanse mellom bedrifter og forskning.

Behovet er stort, og det er mogleg å få til langt meir om rammene til FORREGION vert auka. Rapporten frå Telemarksforsking viser at det er behov for å mobilisere små kommunar til

forskningsbasert innovasjon. I tillegg til dagens ordning, er det difor behov for ei kommuneretta FORREGION-ordning.

Behov for å styrke regionale forskingsfond

Regionale forskingsfond (RFF) skal styrke forskning for regional innovasjon og utvikling ved å støtte opp under regionen sine prioriterte innsatsområde, og mobilisere til auka FoU-innsats. I statsbudsjettet for 2022 vart løyvinga til RFF redusert med 40 mill. kroner i høve til 2021-budsjettet. Vestland fylke si del av løyvinga for 2022 var på 15,4 mill. kroner. Eit så lågt nivå på løyvinga til eitt fylke, betyr at det vert få prosjekt som får tildeling, og mange gode, regionale FoU-prosjekt ikkje får midlar. For å styrke innsatsen for innovasjon og omstilling i alle delar av landet, må løyvingane til RFF difor aukast.

Behov for å styrke Kapasitetsløft

Kapasitetsløft skal bidra til auka verdiskaping og omstilling i heile landet, ved å gje næringslivet auka tilgang til utdanning og forskning, og auka forskingskapasitet og kompetanse i forskingsorganisasjonane som deltek.

I Kapasitetsløft-prosjektet Teknoløft Sogn og Fjordane, som starta i 2018, samarbeider Vestlandsforskning med SINTEF, Høgskulen på Vestlandet og ei rekkje næringsaktørar om innovasjon og nye løysingar, med hjelp av robotisering, automatisering og stordata. I tillegg inneheld prosjektet fleire doktorgradsprosjekt og moglegheiter til å byggje opp kapasiteten til forskingsinstitusjonane på desse fagområda. Dette samarbeidet utløyser stor eigeninnsats og finansieringsbidrag frå næringslivet. Løyvinga frå Forskringsrådet til dette seksårige prosjektet er på 28 mill. kroner. Med eigeninnsats og midlar frå næringsliv og regionale partnarar, er det totale budsjettet i Teknoløft på 45,6 mill. kroner. I tillegg har dette prosjektet eit mål om å mobilisere bedrifter til auka FoU, og å doble støtta til forskningsbaserte prosjekt for næringslivet i fylket innan satsingsområda. Som følgje av mobiliseringsarbeidet i Teknoløft, er det løyvd forskingsrådsstøtta prosjekt til bedriftene Paneda i Selje, Probad på Sandane, Retrams i Florø og Nortura i Sogndal. Teknoløft er dermed på god veg til å nå dette målet.

Kapasitetsløft er ei sær sars god og langsiktig ordning for å byggje forskingskapasitet i utdannings- og forskingssektoren, og for å bidra til forskningsbasert utvikling og innovasjon i næringslivet. Ordninga kan bidra til at også kompetanse- og næringsklynger i distrikta kan skape eit grunnlag for å søkje om nasjonale klynge- og sentermidlar. Utfordringa er at årleg løyving er lita (ca 24 mill. kroner årleg over KDD sitt budsjett), og utlysingane er sjeldne (til no kvart 4. år i regi av Forskringsrådet). Dermed er det svært få prosjekt som når gjennom, og mange gode prosjekt som får avslag.

Om målet er auka innovasjon og styrkt utviklingskapasitet i distrikta, bør Kapasitetsløft-ordninga heilt klart styrkast. Vi viser også til Forskingsrådet sitt budsjettinnspel til KDD om ei forsterkingsordning for Kapasitetsløft, og uttale frå Vestland fylke sitt hovudutval for næring 23.06.22, der dei støttar dette satsingsforslaget og i tillegg ber om at det vert sett av tilstrekkeleg med midlar i statsbudsjettet til nye kapasitetsløft slik at behova for kompetanse i fylkes sine smart spesialiseringsstrategiar blir ivaretekne.

Behov for å styrke Klyngeprogrammet

ARENA-nivået i Klyngeprogrammet gir god økonomisk og fagleg støtte til langsiktig utvikling av regionale næringsmiljø. På grunn av eit kutt på nær 60 mill. kroner i statsbudsjettet for 2022, vert det ikkje teke opp nye klynger i år. Klyngeprogrammet er viktig for å styrke innovasjon og samarbeid mellom bedrifter og FoU-miljø, og det er viktig at kuttet vert reversert.

Innspel: Den nye distriktmeldinga må leggje vekt å styrke verkemiddel som bidreg til å auke FoU i små og mellomstore verksemder i distrikta. Dagens verkemiddel treff behova godt, men det er behov for å styrke ordningane økonomisk.

3) Nasjonale senteratsingar må også treffe kompetansmiljø i distrikta

Ei hovudutfordring i forskingssektoren er langsiktige og føreseielege finansieringsordningar. Særleg i instituttsektoren, som i all hovudsak er finansiert av konkurransenutsette løyvingar, kan det vere ei utfordring å halde oppe eit aktivitetsnivå innanfor dei same fagtemaa over tid, om løyvingane svingar for mykje frå eit år til eit anna.

Forskingsrådet sine ulike senterordningar bidreg til å byggje og behalde kompetanse, sidan dei både gir ei langt høgare årleg finansiering og kan vare opp til åtte år. Samstundes er det nokre utfordringar knytt til dei eksisterande senterordningane, som gjer det krevjande for kompetansmiljø i distrikta å nå fram i konkurransen om senterstatus. Senter for fremragende forskning (SFF) er nesten utan unntak drivne av dei store universiteta og er i liten grad tilpassa instituttsektoren. Senter for fremragende innovasjon (SFI) skal styrke innovasjon gjennom satsing på langsiktig forskning i eit nært samarbeid mellom FoU-aktive bedrifter og framifrå forskningsmiljø. Budsjetta skal vere på 10-12 millionar frå Forskingsrådet kvart år, og like mykje i bidrag frå brukarpartnerar. Storleiken på budsjetta og kravet til eigen- og brukarfinansiering, gjer at denne ordninga passar dårleg for distriktbedrifter, der det er få aktørar med tilstrekkelege finansielle ressursar til å kunne delta.

Forskingsentre for fornybar energi – samfunn (FME Samfunn) har og store budsjett, med tildelingar frå Forskingsrådet på omlag 100 mill. fordelt over fem år, men ikkje like høge krav til brukarfinansiering som for SFI. Her er kravet tilsvarende minst 15% av Forskingsrådet sitt bidrag og eigenfinansiering frå FoU-institusjonar på minst 15% av Forskingsrådets bidrag.

Vi ønskjer oss ei senterordning – Senter for anvend/brukarretta forskning - med krav til brukarmedverknad og finansiering etter modell av Forskingsrådet sin prosjekttype [“samarbeidsprosjekt”](#), og med høve til mindre årlege løyvingar enn FME og SFI.

- 10% av budsjettet skal gå til brukarpartnarar
- forpliktande krav til deltaking frå brukarpartnarar
- årleg bidrag frå Forskingsrådet frå 7 til 12 millionar pr år.
- varigheit som SFI og FME (fem år + høve til tre års forlenging).

Reiseliv er ei sær s viktig distriktsnæring. Vestlandsforskning har lang tradisjon for reiselivsforskning, i breitt samarbeid med reiselivsnæringa og andre forskingsinstitusjonar, men det er krevjande å finansiere forskning på reiseliv fordi det er få ordningar som er innretta mot feltet. Med økonomiske utfordringar i kjølvatnet av pandemien, problemstillingar knytt til overturisme og fellesgodefinansiering og auka krav til bærekraft, ser vi eit klart behov for eit senter for anvendt reiselivsforskning.

Innspel: Vi ber om at den nye Distriktsmeldinga vurderer ei senterordning for anvend/brukarretta forskning, som er betre tilpassa deltaking frå distriktsnæringslivet, og som ikkje stiller like høge krav til brukarfinansiering som dagens SFI-ordning.

4) Staten si tilbaketrekking svekkjer regionalt samarbeid

Medan dei fleste statlege etatar tidlegare hadde ei geografisk organisering, har ei rekkje omorganiseringar dei siste åra resultert i at mange statlege etatar har gått vekk frå ei regional forankring, og over til landsdekkande divisjonar, td. Statens vegvesen og Skatteetaten. Regionale statlege etatar var tidlegare ofte engasjerte i tverretatlege, regionale samarbeid for å løyse sektorovergripande behov og utfordringar. Til dømes beredskap, regional planlegging, utsette barn og unge, inkludering av flyktningar og klimaomstilling. I tidlegare Sogn og Fjordane fylke var det eit langvarig og godt samarbeid mellom regionale etatar og kommunane på desse områda.

Eitt av fleire område der vi opplever at statlege etatar er vortne meir fråverande, er i samarbeidet om klimaomstilling. Eitt døme er den årleg klimaomstillingskonferansen i Sogndal, som den regionale partnerskapen har arrangert sidan 2016. Etter fylkessamanslåinga i 2020, har Vestland fylkeskommune delteke som ein viktig aktør. Samstundes opplever vi no at mange av dei statlege etatane som var aktive i starten og bidrog med ressursar i planlegging og gjennomføring av konferansen, trekkjer seg tilbake, og viser til at budsjett og oppdrag ikkje lenger tillet å delta i slike regionale samarbeid.

Innspel: At statlege etatar tek del i den regionale partnerskapen, vil gje erfaringar og kunnskap om regionale utviklingstrekk, utfordringar og moglegheiter som kan bringast inn i utforminga av nasjonal politikk. Difor må staten i oppdraga til statlege verksemder som er lokaliserte i ulike delar av landet, ha tydelege krav og forventningar om å bidra i den regionale partnerskapen. Der leiinga har vilje til å engasjere seg regionalt sjølv om oppdraga er nasjonale, slik tilfellet er td. for Lotteri- og stiftelsestilsynet og Norec i Førde, fungerer dette godt. Desse etatane er gode døme på ein aktiv, statleg lokaliseringsspolitikk, og vi har store forventningar til at den nye distriktsmeldinga gir uttrykk for høge ambisjonar på dette området.